

Seminar ved Osterøy museum:

MANGE VEGAR TIL KUNNSKAP **Den nordiske oppstadveven i moderne form**

Osterøy museum har gjennom to tiår arbeidd med å sikre og vidareføre den lokale tradisjonen kring oppstadveven. Dei siste åra har dette også vorte sett inn i ein nordatlantisk kultursamanheng og gjennom nært samarbeide med vevarar på Island og Shetland har dette resultert i seminar, forskning og boka «Klingande steinar» som vert gitt ut i sommar.

Arbeidet har etterkvart gitt eit stort nettverk som i dag er ein del av museet sin strategi for å sikre kunnskap og vidareformidle denne. Vi ser at motivasjonen og interessa i nettverket er svært ulik: frå arkeologen som søker den praktiske kunnskapen for å forstå sine funn, vikingentusiasten som ynskjer å gå fullt og heilt inn i livet og handverket for 1000 år sidan, kunstnaren som brukar tradisjonelle teknikkar som grunnlag for eksperimentelle kunstverk, museet med sitt kulturvernperspektiv, hobbyvevaren og mange fleire.

Frå museet si side er detsærleg interessant å sjå på dei ulike innfallsvinklane og motiva for å tilegne seg den tradisjonelle kunnskapen og dette er eit verdfullt grunnlag for å utforme strategiar for å sikre og vidareføre den tekstile kunnskapsarven.

Målet med seminaret

- synleggjere nokon av interessegruppene og bruke personar frå nettverket som fortel om sin motivasjon og tilnærming til den praktiske kunnskapen – dei mange vegane til kunnskap.
- Formidle kunnskap om den nordatlantiske tradisjonen kring oppstadvev. Korleis lever den i dag på Island, Shetland og i Norge

Vi hentar inn fylgjande foredragshaldarar

Hildur Hákonardotter, Island er tekstilkunstnar med særleg interesse for å gjenskapa kunnskapen om gamle tekstilteknikkar. Har i denne samanheng arbeidd særleg med eldre skriftlege kjelder,

Elisabeth Johnson frå Shetland har tileigna seg inngåande og breid kunnskap om ull, spinning og strikking, som ho har lært seg på tradisjonell vis.

Helene Henriksen er aktiv medlem i Vestnes husflidslag og Møre frie vikingar, og med særleg interesse for å læra seg og utføra tekstile teknikkar frå vikingtid og mellomalder.

Kristi Nilsen Utdanning som formingslærer og frå Vestnorsk kulturakademi. Eksperimenterer seg fram til kunnskap om ulike tekstile teknikkar - særleg ull og spinning.

Vigdis Valde. Utdanning som formingslærer og frå Vestnorsk kulturakademi. Aktiv spinnar som formidlar kunnskap om ull og spinning både i Den kulturelle skulesekken og t.d. gjennom Nasjonal strikkekveld.

Inger Johanne Rasmussen er tekstilkunstnar som verdsett arven frå våre formødre til å formidla det vakre ved tekstilar og har særleg vore oppteken av arbeidet dei la ned i brukstekstilar.

Marianne Vedeler. Arkeolog, professor ved Arkeologisk seksjon, Kulturhistorisk museum Universitetet i Oslo. Arbeider særleg med samlingsforvaltning og gjenstandsanalyse og har forskingsinteresser knytt til draktutstyr og tekstil.

Målgruppa vår er

Alle med interesse for vev og for å sikre og vidareføre den tekstile kunnskapsarven.

Det vil i hovudsak vera privatpersonar og medlemmer i frivillige lag og organisasjonar, studentar og tilsette innan museum og kulturvern.